

Erling Skiple
Morvikbotn 270
5122 MORVIK
TLF. 55193850 / 99296083
E-post : erskiple@online.no

Morvik, den 9.nov. 2016 .

NAF
Østensjøveien 14
0661 OSLO .

FRAMTIDSRETTA VEGAR BERGEN – OSLO Med også sideblikk til heile trafikktungda i SØRNORGE.

For å koma vidare med desse vurderingane, torer eg med dette søkja hjelp hjå dykk.

Det føreligg utruleg mykje feilinformasjon om veglengder og køyretid.
Statens vegvesen hadde eit brukbart program, VIS VEG , men dette er kutta ut.
Ein står att med Gule sider KART, eller NAF sitt kart RUTEPLANLEGGAR .
Men det er store skilnader på avstand og reisetid, også skilnader frå dag til dag .

Å skaffa meir sikker informasjon viktig, jamfør lesarinnlegg om Riksveg 7 (det er vel fylkesveg no ?) , sjå vedlegg.

I utgangspunktet har vi 3 parallele vegar :

- 1 . Er Hardangervidda Fv 7,
- 2 . E 16 og fv 52 over Hemsedal
3. og E 16 over Filefjell.

Frå Bergen startar alle med med E 16.

(Det er også eit 4 alternativ over Aurlandsdalen, men det er ikkje av interesse i denne samanheng)

Den viktig vegen for Hordaland og Rogaland og heile Sør-Norge er diagonalen over Hardangerfjorden og ny Haukelifjellveg og radikal forbedring av vegen gjennom Telemark.
(kan koma attende til det)

Med NAF som kjelde :

Ein har teke utgangspunkt i Bergen sentrum Lungegårdskaien 44 (den sentrale hovudbrannstasjonen) og Johanne Dybwads plass 1 (Nasjonalteateret)

- | | |
|---|-------------------------------|
| 1 . E.16 - Voss , "Eidfjordbrua" Fv 7 Hallingdalen –Oslo | 461 km , reisetid 6 t 52 min. |
| 2. E-16 – Lærdalstunnelen- f.v 52 til Gol- vidare som 1. | 476 " " 6 " 55 " |
| 3. E-16 over Filefjell, Fagernes-Bagn –rundt Hønefoss –Oslo | 514 " " 7 " 35 " |

Om ein søker på vegen mellom Oslo og Bergen kjem vegen om Dagali automatisk opp.
Kvifor det ? du sparar ca 15 km og 2 minutt køyretid. Er det vanleg at folk som skal austover køyrer denne vegen ?

Gule sider har ein anna informasjon, det er serleg stor skilnad på alternativet over Filefjell .
Gule sider = Over Filefjell , og vidare som 1 og 2 512 km reisetid 6 t. 45 min.?

I lesarinnlegget var det også informasjon om kostnaden med bom,bru og ferjeprisar .
Det var også interessant . Eg har ikkje sjekka desse prisane . Bomavgifter for alt 2 og 3.
Hemsedal og Filefjell er truleg like. Eller er det berre bom ved Bolstadøyri (Vossapakka) ?
I så fall er Hemsedal endå rimelegare.
Uansett ein har god betaling for å spare 3-4 min. køyretid i samanlikning me Hardangervidda.
Godt kr 300.- for 2 min.

Når det gjeld tungtransport er degt mange større transportfirma som i økonomisk samanheng brukar Filefjell i dag .

Filefjell.

I 1975 gjorde Stortinget vedtak om at Filefjell, no E 16, skulle vera hovudvegen mellom Bergen og Oslo. Det gjekk mange år med utgreiing og politisk sumling.

I 1993 kom saka opp at i Stortinget , dvs vedtak om å realisera Lærdalstunnelen, etter den tid har det blitt gjort ein god del . Men vedtaket frå 1975, er enno ikkje realisert.

Ein kan få politikarforakt for mindre grunn.

Men til neste år vert ny tunnel opna (5,7 km) dvs over høgdepunktet og direkte til området ved Tyinkrysset. Vegene er gjort endå meir vintersikker enn den var.

Det er vidare utarbeida planar for utbetringar, dels tunnelar, ny veg til Fagernes.

Ved Bagn er arbeidet i god gang . Dette vil gjera vegene kortar i avstand og tid.

Frå Bagn til Hønefoss er det teknisk enkelt og rimeleg med ombygging til motorveg kl B . (der er grisgrendt og dermed lite lokaltrafikk)

Vegene kunne trygt hatt 90 km fartsgrense .

Filefjell er etter mitt syn og mange andre sitt syn eit vegalternativ som ikkje vert framheva slik det burde .

Bergensarar og folk øverst i Hallingdalen ser seg blinde på at Hardangervidda er det beste alternativet , dvs med lang tunnel under Hardangervidda . Og som ein følgje derav også store utbetringar av heile vegene ned mot Gol.

I den totale samanhengen er det ein "kortslutning".

Nokon bør ta tak i dette å få Filefjell OPP I LJOSET IGJEN .

HARDANGERBRUA

Hardangerfjorden er 183 km lang, Brua som er bygd over Eidfjorden er **12 km** frå fjordenden , dvs Eidfjord senter. 8 % av samla fjordlengd . Eidfjorden er 28 km lang og såleis ein av fjordarmene innerst i Hardanger. Personleg kallar eg Hardangerbrua for Eidfjordbrua.

Hardangerfjorden deler Hordaland fylke i to.

Kommunane sør for Hardangerfjorden , då serleg Kvinnherad, reknar Haugesund som **BYEN**, ikkje Bergen . Ølen tok konsekvensen og gjekk over til Rogaland.

Dette er det nakne fakta.

Denne Eidfjordbrua blir no bruka som brekkstong for å få bygga utbetring og lang tunnel over Hardangervidda . Med andre ord eit supplement til dei to vegane Vest –Aust som vi har frå før. Uansett dårleg samfunnsøkonomi. .

Den mest lønsame prosjektet er aksene Vest-Søraust , dvs med utbetring av E 134.

Absolutt kortaste veg mellom Bergen – og Oslo.

Den bind saman Hordaland fylke..

Den løyser ut Haugesundregionen .

Når tunnel under Boknafjorden blir realisert, vil også Stavangerregionen få eit godt alternativ til veg om Sørlandet .

Den løyser ut heile Grenlandsområdet ,

Prosjektet løyser kort veg til trafikken til og frå Danmark (dvs Europa) ,

Ferjer frå Kristiansand, (Arendal ?) ,Langesund, Larvik og Sandefjord (den siste til Strømstad)

Dessutan tunnel ved Drøbaksundet , men kanskje endå betre, prosjektert tunnel under Oslofjorden lenger sør .

Summen av dette vil gjera eit absolutt tyngdepunkt mot søraust.

Om ein startar med ein pendel frå Bergen , vil pendelen gå mot Langesund.

Dette som her er opprekna er også fakta. Fakta som også Samferdselsdepartementet har konkludert med.

På trass av dette er det ei gruppe i Indre Hardanger , og med hjelp av Geiloregionen ,driv aktiv lobbyverksemd for Hardangervidda som einaste løysinga for Hordaland.

Meir eller mindre naive Bergenspolitikar har også hengt seg på denne bølga .

Eg kan godta at turisme/fritidsaktivitet er viktig næringsgrunnlag for Eidfjord og

Hol kommunar, men det får no vera måte på prioritering til føremun for hyttefolket.

DIAGONALEN I HORDALAND .

Det føreligg ulike alternativ.

Alt i 1976 gjorde eg sjølv ein del vurderingar om dette. Men også andre.

Stortingsmann Sverre Mo jobba aktivt for å ymse brualternativ over **Hardangerfjorden** på det smalaste, dvs området Tørvikbygd-Ljones og Jondal –Torsnes på sørsida av fjorden .

Eg vil ikkje gå meir i detaljar om dette (ein haug av papir) ,

Men framheva at første steget for å få til denne diagonalen som kryssar Hardangerfjorden, er å etablere eit ferjesamband med ferjer som pendlar fram og attende heile døgnet. Det er effektivt. Og når tida er mogen , dvs om trafikken auka, kan ein bygga bru over den verkelege

Hardangerfjorden

Også eit godt råd . Legg ein linjal på kartet Bergen –Oslo.

Det vil også avsløra kva som er kortaste veggen .

Eg vil elles visa til avdøde ingeniør Johannes Sørli sitt prosjekteringsarbeid for total ombygging av E 134 . Håpar NAF har tilgang til dette materialet.

Johannes Sørli var ein vegingeniør som verkeleg hadde framtidsvisjonar for å knyta Vestlandet saman med gode vegar med det sørlege Norge.

Dette var eit langt brev.

Langt brev for eit kort spørsmål.

Spørsmålet om å få korrekte vegavstandar , då serleg for dei 3 parallellane vegane Vest-aust frå Bergen , gjerne med informasjon om bom/bruavgifter .

Med venleg helsing

Erling Skiple
Erling Skiple ,

NAF medlem nr 86458585

PS .

Da eg skriv dette var eg ikkje kjend med veltaket i fylkestinget.